

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Hordaland fagskulestyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Hordaland helsefagskole, Fusa
<b>Dato:</b>	10.05.2016
<b>Tid:</b>	10:00

Det blir med dette kalla inn til styremøte i Hordaland Fagskulestyre

### Program:

**Kl. 08.15:** Avreise m/minibuss frå Bergen bystasjon, perrong P  
(sjå reiseopplegg side 2)

Kl. 10.00: Handsaming styresaker  
  
Lunsj + evt. omvisning

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Dersom nokon av styret sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Roald Kvamme  
styreleiar

**10. mai 2016**

kl 08:15                    Frå Bergen Busstasjon **Perrong P**

kl 09:25 - 09:35        Ferje Hatvik-Venjanaset

kl 10:00 (ca)            Ankomst Fusa Helsefagskole/vidaregåande skule

  

kl 13:35                    Avreise frå Fusa Helsefagskole

kl 14:10 - 14:20        Ferje Venjanaset-Hatvik

kl 15:30 (ca)            Ankomst Bergen Busstasjon

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 17/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 18/16	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 19/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 10/16	Fagområdegodkjenning i fagskulesektoren	2015/11453	
RS 11/16	Vedkomande spørsmål om ulik praksis i regelverk for dagpengar og utdanning	2015/11453	
PS 20/16	Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2016 - 17	2015/11453	
PS 21/16	Komande stortingsmelding for fagskulesektoren hausten 2016	2015/11453	
PS 22/16	Tittel etter toårig teknisk fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
PS 23/16	Fordeling av investeringsmidlar til Fagskolane i Hordaland	2015/11453	
PS 24/16	Ny visning av reklamefilm på Kino 2016 - 17	2015/11453	
PS 25/16	Ymse		

PS 17/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 18/16 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 19/16 Referatsaker (meldingar)



## Notat

Dato: 12.04.2016  
Arkivsak: 2015/11453-32  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Fagområdegodkjenning i fagskulesektoren

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT) kan gje tilbydarar fullmakt til sjølv å opprette utdanningstilbod innan eit avgrensa fagområde utan å søkje godkjenning hjå NOKUT. For å få ei slik fullmakt må fagområdet vere godkjent, og tilbydar må oppfylle fleire føresetnader.

Kriteria og vilkår for å få fagområdegodkjenning kjem fram av fagskuletilsynsforskrifta kapittel 4 (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-12-12-1504>) og NOKUT sine retningsliner for å søkje fagområdegodkjenning som vert omtala under.

#### **NOKUT sine retningsliner for å søkje om fagområdegodkjenning**

I forarbeida til lova vert det framheva at fagområdegodkjenning er ei ordning som berre vil vere aktuell for nokre få tilbydarar. Ordninga er meint for solide og stabile tilbydarar av fagskuleutdanning som har eit fagmiljø og ein aktivitet som gjer at det både er føremålstenleg og fagleg forsvarleg å gje tilbydaren fullmakt til sjølv å opprette fagskuleutdanningar. NOKUT må vite at tilbydaren sjølv kan kvalitetssikre sine utdanningstilbod på lik line med den kvalitetssikringa NOKUT gjer. Det vil seie at skulen på sett og vis skal vere sitt eige NOKUT. Det er tilbydar v/styret som er ansvarleg for å søkje NOKUT om slik godkjenning.

I høve NOKUT sine retningsliner for å søkje fagområdegodkjenning har ein tilbydar som har fått godkjenning av fagområde, både rettar og plikter. Tilbydaren sine rettar er som nemnt at ein kan opprette nye tilbod innan eit avgrensa fagområde, men også at tilbydaren kan gjere vesentlege endringar i eksisterande tilbod. I nokre tilfelle kan fullmakt til å opprette nye tilbod til dømes vere avgrensa til berre å gjelde stadbaserte tilbod på eigen studiestad, og ikkje nettbaserte tilbod. Tilbydaren vil såleis ha ei gradert fullmakt. Ein godkjent tilbydar pliktar å halde seg oppdatert på eventuelle endringar i fagskulelova, NOKUT-forskrifta og NOKUT sine eigne føresegner. Tilbydaren må også rapportere om oppretting av nye tilbod til NOKUT, Lånekassen og SSB. Tilbydarar som har fagområdegodkjenning, skal kvart år sende årsmelding til NOKUT. Vidare er det krav om at tilbydar har tilfredsstillande rutinar for etablering av nye utdanningstilbod som ein del av system for kvalitetssikring.

#### NOKUT sine krav for å få fagområdegodkjenning

Det er ein føresetnad at følgjande vilkår er oppfylt for at ein tilbydar skal kunne søkje om fagområdegodkjenning, jamfør NOKUT-forskrifta § 5-2 (2):

(2) *Vilkår for å kunne søke om godkjenning som tilbyder:*

a) *Tilbyderen må ha uteksaminert kandidater i minst én godkjent fagskoleutdanning i minst to år.*

- b) *Tilbyderen må ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring, jf. denne forskrift § 5-3.*
- c) *Tilbyderen må dokumentere deltakelse i garanti- eller forsikringsordning som sikrer studenter erstatning dersom tilbyder frivillig eller pålagt brått stanser en utdanning, hvor det er studenter som ikke har fullført utdanningen etter oppsatt plan.*

Vidare er det krav om at tilbyderen har eit godkjent kvalitetssystem som ein kan dokumentere er i bruk. I tillegg må tilbyderen ha ein tilfredsstillande rutine for etablering av nye tilbod, og denne må som minimum innehalde:

- a) interne kompetente organ som kan vurdere dei nye tilboda som vert planlagt i høve til NOKUT sine krav
- b) involvering av eksterne interessentar

Det er viktig at rutinen syner at tilbyderen gjer ein grundig analyse av arbeidslivet sitt behov for utdanninga.

#### NOKUT sine standardar og kriteria for fagområdegodkjenning

Det er tre standardar med underliggande kriterium som må vere innfridd for å få fagområdegodkjenning, og desse er som følgjer:

1. Primærverksemd (standard 1)
  - a. Tilbyderen si primærverksemd skal vere utdanning.
  - b. Fagområdet skal ha tilstrekkeleg fagleg breidde til å inkludere fleire utdanningstilbod.
  - c. Tilbyderen sin strategi for fagskuleutdanning skal gje grunnlag for stabil verksemd i ein femårsperiode.
  - d. Tilbydar skal ha tilfredsstillande tilgang på undervisnings- og velferdslokale som er utan merknader frå Arbeidstilsynet eller kommunal- og bygningsmyndigheit.
  - e. Tilbydar skal ha eit system for studentvelferd som er tilpassa talet på studentar, deira alder og arbeidsmetodar.
  - f. Studentane skal involverast meir i kvalitetssikring og utvikling av utdanningstilboda enn berre gjennom studentevaluering og styremedlemskap.
2. Tilsette (standard 2)
  - a. Tilbyderen skal ha fast tilsette i undervisningsstilling og administrative stillingar med ein slik kompetanse at tilbydar er i stand til å kvalitetssikre og utvikle sine pedagogiske metodar og nye og eksisterande utdanningstilbod innan fagområdet.
  - b. Fagmiljøet som er knytt til undervisninga innan fagområdet, må ha fast tilsette med formell fagleg kompetanse utover det nivået det vert undervist på.
  - c. Fagmiljøet sin kompetanse må vere brei nok til å dekkje dei viktigaste delane av fagområdet.
  - d. Dei fast tilsette ved fagmiljøet må ha formell pedagogisk kompetanse i eit omfang som gjer det mogleg å utvikle pedagogiske metodar og verktøy.
  - e. Fagmiljøet må ha tilfredsstillande yrkeserfaring.
  - f. Tilbydar må ha ein tilfredsstillande administrasjon for fagskuleutdanning, det vil seie studierettleiing.
3. Samarbeid med arbeidslivet (standard 3)
  - a. Tilbyderen skal ha eit tilfredsstillande samarbeid med arbeidslivet.
  - b. Utvikling og gjennomføring av utdanningstilboda må inngå i samarbeidet.
  - c. Tilbydar må ha kontakt med aktuelle fagråd/referansegrupper som næringslivet har.
  - d. Tilbydar må delta i regionale eller nasjonale, eventuelt også i internasjonale, faglege nettverk innan yrkesfeltet relatert til fagområdet.

For meir informasjon om NOKUT sine retningslinjer for å søkje fagområdegodkjenning sjå:

[http://www.nokut.no/Documents/NOKUT/Artikkelbibliotek/Norsk\\_utdanning/Fagskoler/S%C3%B8kerh%C3%A5ndbok%20for%20fagomr%C3%A5degodkjenning.pdf](http://www.nokut.no/Documents/NOKUT/Artikkelbibliotek/Norsk_utdanning/Fagskoler/S%C3%B8kerh%C3%A5ndbok%20for%20fagomr%C3%A5degodkjenning.pdf)

### **Fagområdegodkjenning ved Fagskolane i Hordaland**

Hordaland fagskulestyre vedtok for nokre år sidan at Bergen tekniske fagskole vart gjeve løyve til å søkje om fagområdegodkjenning innan elektro. Dette vart ikkje gjennomført på det tidspunktet av di det er ein svært ressurskrevjande prosess, og på den tid eit nybrottsarbeid i fagskulesektoren. Bergen tekniske fagskole har likevel som mål å søkje om fagområdegodkjenning. Skulen ønskjer å starta med elektro, og deretter byggje vidare med andre fagområde. Når skulen først har fått godkjenning for eit fagområde, vil det vere mindre krevjande å søkje om fleire. For å søkje om eit fagområde må skulen vidareutvikle det kvalitetssystemet som allereie ligg til grunn for Fagskolane i Hordaland, og som er godkjent av NOKUT. I tillegg må skulen ha ein dedikert administrativ ressurs i meir enn 50 % stilling, både i høve til søknadsprosessen og i høve til vidare intern kvalitetssikring for å ivareta fagområdegodkjenninga.





## **Notat**

Dato: 24.04.2016  
Arkivsak: 2015/11453-37  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Vedkomande spørsmål om ulik praksis i regelverk for dagpengar og utdanning**

I fagskulestyret 17.03.2016 vart det stilt spørsmål ved om NAV i Rogaland har ulik praksis i høve til å gje dagpengar til studentar, enn kva praksisen er i Hordaland. Etter ein samtale med Stavanger offshore tekniske skole (SOTS) kjem det fram at skulen har dei same utfordringane som Hordaland med studentar som må slutte av di dei ikkje får dagpengar i kombinasjon med utdanning på fagskulen.



Arkivnr: 2015/11453-39  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	20/16	10.05.2016

### Tilbudsstruktur for Fagskolane i Hordaland 2016-2017

#### Samandrag

Fagskulestyret har ei ramme på om lag 81,9 mill. til tilbudsstrukturen for Fagskolane i Hordaland skuleåret 2016-17. Fagskulestyret handsama sak om førebels tilbudsstruktur for skuleåret 2016-17 i styremøtet 10.11.2015. Førebels tilbudsstruktur legg føringar for kva tilbod skulane kan lysa ut gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolene. På bakgrunn av oppdaterte søkjartal våren 2016 vert det i denne saka vedteke endeleg tilbudsstruktur for teknisk og maritim utdanning for hausten 2016. I førebels tilbudsstruktur frå november 2015 vart det også vedteke at ein skulle redusera ramma for tekniske og maritime fag med 2 mill. for å omdisponera til Hordaland helsefagskole. På bakgrunn av dette vert også tilbodet ved Hordaland helsefagskole for skuleåret 2016-17 handsama i denne saka.

#### Forslag til vedtak

1. Fagskulestyret vedtek tilbudsstruktur for skuleåret 2016-17 for tekniske og maritime fag slik det kjem fram av saka.
2. Fagskulestyret vedtek at tilboda Psykisk helsearbeid og Rehabilitering vert oppretta ved Hordaland helsefagskole skuleåret 2016-17.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Kvartalsrapport april 2016

**Fylkesrådmannen, 25.04.2016**

Rammetilskotet til Hordaland fylkeskommune som er gjeve over statsbudsjettet for 2016, er på om lag 80,2 mill. Fylkeskommunen har prioritert og justert for løns- og prisvekst og gjeve ei ramme på om lag 86 mill. Såleis har fylkeskommunen gjeve ein auke på 5,8 mill. ut over rammetilskotet frå staten. Etter at dei faste utgiftene til fagskuleområdet vert trekt frå, er det 81,9 mill. til dimensjonering av tilbodsstrukturen. I tillegg til dette er det lagt inn ei ramme på 2 mill. for tilbodet på Stord som er løyvd utanfor ramma. Desse midlane ligg fast ved Bergen tekniske fagskole som drifftar tilbodet. Ramma er likevel på 81,9 mill. av di det er vedteke ei omdisponering av same sum til helsefagskulen.

Fagskulestyret handsama sak om førebels tilbodsstruktur for skuleåret 2016-17 i styremøte 10.11.2015. Førebels tilbodsstruktur legg føringar for kva tilbod skulane kan lysa ut gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolene. På bakgrunn av oppdaterte søkjartal våren 2016 vert det i denne saka vedteke endeleg tilbodsstruktur for teknisk og maritim utdanning for hausten 2016. I førebels tilbodsstruktur frå november 2015 vart det også vedteke at ein skulle redusera ramma for tekniske og maritime fag med 2 mill. for å omdisponera til Hordaland helsefagskole. Dette vart gjort for å styrka økonomien ved helsefagskulen i ein overgangsperiode. På bakgrunn av dette vert også tilbodet ved Hordaland helsefagskole for skuleåret 2016-17 handsama i denne saka.

Som grunnlag for saka er det også lagt ved ein kvartalsrapport for dei tre fagskulane (vedlegg 1). Det er ikkje skilt mellom vidaregåande-drift og fagskule-drift ved Fusa vidaregåande skule og Bergen maritime vidaregåande skole og fagskole. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil sørge for at det blir ein rutine å skilja einingane frå kvarandre i kvartalsrapporten slik at styret får ei god oversikt. Bergen tekniske fagskole har rein fagskuledrift, og kvartalsrapporten syner difor berre drift av fagskulen. Fagskulane vil kommentera kvartalsrapportane i styremøtet i samband med denne saka.

**Søkjartal**

Tabellen under syner talet på primærønskje fordelt på fylke ved dei offentlege fagskulane. Eit primærønskje er eit ønskje som er fyrsteval innan ei fordjuping. Ein primærønskjar kan ha inntil 3 primærønskje, og det er desse søkjarane den einskilde skule skal poengberekne.

<b>Fylke:</b>	<b>Tal prim.ønskje:</b>
Østfold	565
Oslo	844
Akershus	250
Vestfold	167
Telemark	385
Buskerud	390
Hedmark	52
Oppland	827
Aust-Agder	86
Vest-Agder	382
Rogaland	665
<b>Hordaland</b>	<b>1343</b>
Sogn og Fjordane	144
Møre og Romsdal	460
Sør-Trøndelag	296
Nord-Trøndelag	352
Troms	355
Nordland	159
Finnmark	42
<b>Sum</b>	<b>7764</b>

Tabellen over syner at det er Fagskolane i Hordaland som har flest primærønskje med 1343 ønskje. Dette utgjør om lag 17 % av det totale talet på primærønskje. Bergen tekniske fagskole har ein stor auke i det totale søkjartalet frå i fjor, medan Bergen maritime fagskole har ein auke på maritime fag og nedgang på petroleumstekniske fag. Hordaland helsefagskole lyste ut fire tilbod; *Psykisk helsearbeid, Psykisk helsearbeid og rusarbeid, Rehabilitering og Helse, aldring og aktiv omsorg*. Skulen fekk om lag 110 søkjarar, men det er ikkje alle som er kvalifiserte søkjarar.

I oversikta over tilbudsstrukturen seinare i saka er det talet på primærønskje som vert vist, men tala er i nokon grad handsama av skulen, og dei fleste søkjarane som ikkje er kvalifiserte, er luka ut. Talet over endeleg kvalifiserte primærønskje vert gjeve i styremøtet 10. mai 2016 når arbeidet med poengberekning er ferdig.

### Tilbudsstruktur for tekniske og maritime fag skuleåret 2016-17

OPPSUMMERT	vektning	Studenttal 1. år	omrekna til heilårsekvivalenter 1	2. År heiltid	Delkurs 2.år omrekna til heilkurs	Delkurs 3.år omrekna	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Merknad	Budsjett
BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE		353,00	281,10	97,00	117,75	88,28	584,13	669,00	-316,00		52 819 020,00
BERGEN MARITIME FAGSKOLE		178,00	178,00	155,95	0,00	0,00	333,95	305,00	-129,00		29 053 650,00
<b>Totalt Tekniske fag</b>		<b>531,00</b>	<b>459,10</b>	<b>252,95</b>	<b>117,75</b>	<b>88,28</b>	<b>918,08</b>	<b>1027,00</b>	<b>-498,00</b>		<b>81 872 670,00</b>

Tabell 1. Samla tilbudsstruktur for tekniske og maritime fag skuleåret 2016-17

Tabellen over syner ei oppsummering av forslag til tilbudsstruktur for tekniske og maritime fag ved Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2016-17. Tabellen syner at det er rom for å ta inn totalt 531 nye studentar hausten 2016, eller 459,10 heiltidsekvivalentar. Vidare syner tabellen at det er 1027 søkjarar, og at det er om lag 500 søkjarar (primærønskje) som ikkje får tilbod om plass.

I førebels tilbudsstruktur som vart handsama i styret i november 2015, vart det lagt inn eit forventet fråfall på 5 %, men fråfallet har vist seg å vere større. Sjølv om det er større fråfall, skal den totale ramma på om lag 81,9 millionar fordelast på dei to skulane, og det er difor gjort tekniske grep for at det ikkje skal verte for store negative økonomiske konsekvensar ved den einskilde skule. Dette vert å koma tilbake til under.

I førebels tilbudsstruktur frå november 2015 vart studentsatsen sett til kr 86 000,-. Av di det er eit større fråfall enn forventet, er studentsatsen auka til kr. 87 000,-. Dette er for at ramma skal verte betre fordelt i høve til det totale tilbodet for fyrste, andre og tredje studieår.

### Bergen tekniske fagskole

642	BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE	vektning	Studenttal 1. år	heilårsekvivalenter 1	2. år heiltid	Delkurs 2.år omrekna til heilkurs	3.år omrekna til heilkurs	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Merknad	Budsjett
	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	30	20,00	0,00	17,33	15,33	52,67	43,00	-13		4 582 000,00
	KEM /Tak og fasade FTB03N	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	ikkje oppretta	-
	Bygg FTB01H	1,00	30	30,00	28,00	0,00	0,00	58,00	67,00	-37		5 046 000,00
	Bygg FTB01N	0,67	30	20,00	0,00	16,67	17,33	54,00	66,00	-36		4 698 000,00
	Automatisering FTE01H	1,00	30	30,00	14,00	0,00	0,00	44,00	62,00	-32	vert oppretta	3 828 000,00
	Automatisering FTE01N	0,67	30	20,10	0,00	14,07	12,73	46,90	36,00	-6		4 080 300,00
	Elkraft FTE03H	1,00	30	30,00	27,00	0,00	0,00	57,00	83,00	-53		4 959 000,00
	Elkraft FTE03N	0,67	40	26,80	0,00	22,11	22,78	71,69	105,00	-65		6 237 030,00
	Maskinteknikk FTT04H	1,00	30	30,00	28,00	0,00	0,00	58,00	94,00	-64		5 046 000,00
	Maskinteknikk FTT04N	0,67	30	20,10	0,00	0,00	12,06	32,16	34,00	-4		2 797 920,00
	Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	0	0,00	0,00	16,75	0,00	16,75	0,00	0	ikkje oppretta	1 457 250,00
	Prosessteknikk FTK01H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	ikkje oppretta	-
	Prosessteknikk FTK01N	0,67	30	20,10	0,00	16,08	8,04	44,22	46,00	-16		3 847 140,00
	Maskin/Elkraft på Stord	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	"Konstant"	2 000 000,00
	Drift og sikkerhet FTD02H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	ikkje oppretta	-
Hjeltnes	Arborist FPS01D	0,50	18	9,00	0,00	0,00	0,00	9,00	14,00	4		783 000,00
Fus/Aust	Akvakultur FPH01N	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	ikkje oppretta	-
Voss	Anlegg FTB02H	1,00	25	25,00	0,00	0,00	0,00	25,00	19,00	6		2 175 000,00
Voss	Anlegg FTB02N	0,67	0	0,00	0,00	14,74	0,00	14,74	0,00	0	ikkje oppretta	1 282 380,00
	<b>Total Bergen tekniske fagskole</b>		<b>353,00</b>	<b>281,10</b>	<b>97,00</b>	<b>117,75</b>	<b>88,28</b>	<b>584,13</b>	<b>669,00</b>	<b>-316,00</b>		<b>52 819 020,00</b>

Tabell 2: Tilbudsstruktur for Bergen tekniske fagskole skuleåret 2016-17.

Tabellen over er basert på førebels tilbudsstruktur som vart vedteken i november 2015, og felte markert med raudt er tilbud som er vedteke å ikkje starta opp hausten 2016. Tilboda markert med grønt er føreslegne endringar i høve til kva som vart vedteke i november, og desse endringane vert omtala i fortsettinga.

#### Automatisering

I førebels tilbudsstruktur vart det vedteke å starta opp Automatisering nett med 50 plassar, og ikkje Automatisering heiltid. Dette var mellom anna for å omdisponera midlar til helsefaga, men også av di det var låge søkjartal våren 2015. Vidare vedtok styret at skulen kunne lysa ut begge tilboda slik at ein kunne vurdere om det var flest søkjarar til nett eller heiltid før ein valde kva tilbud som skulle opprettast. Etter søknadsfristen 15. april 2016 ser ein at det likevel er høge søkjartal ved begge tilboda, og det vert derfor føreslått å oppretta begge tilboda med 30 studentar i kvar klasse.

#### Elkraft nett

Det er svært høge søkjartal til Elkraft nett (105 søkjarar), og det er derfor føreslått å auka talet frå 30 til 40 studentar i denne klassen. Det er mogleg å gjera ein slik auke innanfor ramma på grunn av reduksjonen i talet på studentar ved andre og tredje studieår.

#### Arborist deltid

Ved tilbudet Arborist er det rekna som ein full klasse med 14-16 studentar på grunn av godkjenninga som ligg til grunn. Likevel er tilbudet kostnadskrevjande å drifta, og det er derfor føreslått å gje tilskot til 18 studentar sjølv om det berre er 14 kvalifiserte søkjarar. Dette betyr også at skulen kan ta inn fleire studentar dersom nokon søker etter søknadsfristen. Dette er også eitt av dei tekniske grepa som er nemnt innleiingsvis i saka, som gjer at det ikkje vert for store økonomiske konsekvensar. I 2015 vart det brukt om lag 1,3 mill. til dette tilbudet, medan tilskotet var på om lag kr. 645 000,-.

#### Anlegg heiltid

Det vert alternert mellom Anlegg heiltid og nett annakvart år. Hausten 2016 er det vedteke å oppretta tilbudet på heiltid av di det vart oppretta tilbud på nett året før. I førebels tilbudsstruktur frå november var det lagt inn 30 studentar ved Anlegg heiltid. Styret har tidlegare bestemt at det må vere 20 søkjarar til ein klasse før ein startar opp. Det er berre 19 søkjarar, men administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil likevel tilrå at tilbudet vert starta opp. Det er høge søkjartal ved Bygg nett og Bygg heiltid, og nokre av desse søkjarane har Anlegg heiltid på Voss som andre-val. Basert på dette kan det vere mogleg å starta opp med ein klasse med fleire enn 19 studentar. Det vert vidare føreslått ei endring ved å redusera talet på 30 til 25 studentar som skulen kan få tilskot for.

### Bergen maritime fagskole

655	BERGEN MARITIME	vekting	Studenttal 1. år	heilårsekvi valenter 1 år	2. År heiltid	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Merknad	Budsjett
	Maskinoffiser FTM02H	1	30	30,00	26,60	56,60	73,00	-43,00		4 924 200,00
	Dekksoffiser FTM01H	1	28	28,00	26,60	54,60	75,00	-47,00		4 750 200,00
	Boring FTP01H	1	60	60,00	49,00	109,00	61,00	-1,00		9 483 000,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1	30	30,00	23,75	53,75	30,00	0,00		4 676 250,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	30,00	60,00	28,00	2,00		5 220 000,00
	<b>Total Bergen maritime vgs</b>		<b>178,00</b>	<b>178,00</b>	<b>155,95</b>	<b>333,95</b>	<b>267,00</b>	<b>-91,00</b>		<b>29 053 650,00</b>

Tabell 3: Tilbudsstruktur for Bergen maritime fagskole skuleåret 2016-17.

Ved Bergen maritime fagskole er det som nemnt ein auke i søkjartala ved maritime fag, medan det er ein nedgang i tala på søkjarar til petroleumstekniske fag (Boring og Havbunn). Dette har nok ein klar samanheng med situasjonen i petroleumsnæringa, og det er også ein nedgang andre stader i landet. Av dei tre fylkeskommunale fagskulane i landet som tilbyr Boring og Havbunn, har Bergen maritime fagskole flest søkjarar.

Søkjaraane for våren 2016 er ikkje ferdig poengberekna, men det er gjort ei vurdering av søkjaraane til dei petroleumstekniske tilboda for å sjå kor mange som er kvalifiserte. Bergen maritime fagskole har også eit større fråfall enn normalt ved andre studieår. For at det ikkje skal få for store konsekvensar for det totale budsjettet ved Bergen maritime, er det føreslått å halda på om lag 5 % fråfall som vart lagt inn i den førebels tilbodsstrukturen i november. Likevel er det justert med om lag 1 mindre student på andre studieår ved Boring. Dette er eitt av dei tekniske grepa som har vorte gjort for å ikkje skapa for stor økonomisk ubalanse mellom dei to fagskulane. I førebels tilbodsstruktur vart det vedteke om lag 500 000,- i reduksjon for tekniske og maritime fag for å omdisponera midlar til helsefaga. Av di studentsatsen vart auka frå kr 86 000,- til kr 87 000,-, fekk omdisponeringa no større utslag hjå Bergen tekniske enn hjå Bergen maritime, og det er derfor gjort ein reduksjon på andre-året med om lag 1 student. Utover dette er det ikkje føreslått endringar ved tilbodsstrukturen ved Bergen maritime fagskole.

### Hordaland helsefagskole

Helsefagskuletilboda ved Hordaland helsefagskole har normalt ikkje vore handsama saman med tilbodsstruktur for dei tekniske og maritime fagskuletilboda. Årsaka til dette er at helsefagskuletilboda vort drifta av tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Desse midlane er øyremerka til helsefagskuletilbod, og fylkeskommunane har delegert tilskotsmynde frå Helsedirektoratet. Både offentlege og private tilbydarar kan søkje, og det er Utval for opplæring og helse som fordeler midlane til tilbydarar som gjev tilbod til studentar i Hordaland. For tilskot til hausten 2016 vart det handsama sak om fordeling i møte 28.04.2016. Tilbydarane får tilskot to gonger i året etter faktiske studenttal 1. mars og 1. oktober.

Ved Hordaland helsefagskole har det vore økonomisk utfordrande å drifta helsefagskuletilboda på grunn av stort fråfall like etter at tilboda har starta opp. I 2014 gjekk fagskulen med om lag 2 mill. i underskot, og i 2015 vart det eit underskot på om lag 2,2 mill. På bakgrunn av dette vedtok som nemnt styret å omdisponera 2 mill. frå teknisk og maritim ramme til helsefagskulen. Midlane vort omdisponert over skuleåret 2016-17 og ikkje for budsjettåret 2016. Det vil seia at midlane vort fordelte innanfor ein haust-verknad og ein vår-verknad.

Som nemnt var det 110 søkjarar til helsefagskulen, men det var ein del som ikkje var kvalifiserte. Det er gjort ei førebels vurdering av kvalifiserte søkjarar til dei tilboda skulen lyste ut til hausten 2016, og basert på dette er søkjartala fordelt slik:

Helse,aldring/aktiv omsorg (D)	FHH12D	11
Rehabilitering (D)	FHH04D	15
Psykisk helse-/rusarbeid (D)	FHH14D	13
Psykisk helsearbeid (D)	FHH01D	13

Tabell 4: Kvalifiserte søkjarar til tilboda ved Hordaland helsefagskole.

Skulen har ikkje fått godkjent tilbodet Psykisk helsearbeid og rusarbeid enda, men dersom det vort godkjent til sumaren, er det mogleg å starta opp til hausten. Dersom det ikkje vort godkjent i tide, kan skulen starta ordinær Psykisk helsearbeid. Til saman har dei to tilboda 26 kvalifiserte søkjarar, og dette er innanfor kravet til styret om 25-30 søkjarar for å kunna starta opp.

Ved tilbod Helse, aldring og aktiv omsorg og Rehabilitering er det ikkje nok primærsøkjarar. Likevel syner søkjartala at fleire av dei som har søkt Helse, aldring og aktiv omsorg, har Rehabilitering som andre-val. På bakgrunn av dette vil skulen kontakta desse søkjarane for å gje dei eit tilbod på Rehabilitering. Dersom studentane takkar ja, er det til saman 26 kvalifiserte søkjarar. Skulen kan også arbeide med å rekruttera fleire søkjarar fram mot start av studieåret hausten 2016.

Fagskulane må melda inn dei tilboda som vort vedteke oppretta av styret hausten 2016 til Nasjonalt opptakskontor for fagskolene innan 10. mai 2016, og når klassane vort meldt inn, har skulen og styret forplikta seg til dette. Av di søkjartala er noko usikre, vil helsefagskulen leggja fram oppdaterte tal på kvalifiserte søkjarar i styremøtet 10. mai 2016 slik at styret får eit mest mogleg oppdatert søkjartal i høve til å gjera endeleg vedtak. Skulen vil også gje styret informasjon om forventa økonomi i møtet dersom desse tilboda vort oppretta. Kvartalsrapporten som er lagt ved saka, syner at det er eit forventa underskot på om

lag 2,2 mill. ved Fusa vidaregåande skule, men dette kan verta endra med større og færre klassar til hausten.

Basert på vurderinga som er gjort over, vil administrasjonen tilrå at tilboda *Psykisk helsearbeid* og *Rehabilitering* vert oppretta hausten 2016. Tiltråinga føreset at det ikkje skjer ei negativ utvikling i talet på kvalifiserte søkjarar.

Kvartalsrapport for Fusa vidaregåande skule, Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime videregående skole og fagskole.

Skolenr	Skole	Mottatt	Driftsregnskap pr mars 2016	Drift+investeringsregnskap pr mars 2016	Lokalbudsjett pr mars 2016	Revidert budsjett pr mars 2016	Avvik pr mars revidert drift	Avvik pr mars lokalbudsjett drift	Revidert budsjett 2016 pr 18.04.16	Lokalbudsjett 2016	Årsprognose	Korrigert prognose	Korrigert avvik	Beste scenario	Verste scenario	UB fondsmidler pr 2015
644	Fusa vidaregåande skule	x	13 217 265	13 217 265	10 296 692	10 805 579	-2 411 686	-2 920 573	39 755 625	38 697 124	43 872 704	40 955 625	-2 200 000	-	-	1 261 393
642	Bergen tekniske fagskole		17 111 578	17 112 766	14 001 498	15 268 102	-1 843 476	-3 110 080	56 006 000	56 006 000	56 006 000	57 006 000	-500 000	56 006 000	57 506 000	-
655	Bergen maritime videregående skole	x	20 839 214	23 116 065	19 167 284	19 344 377	-1 494 837	-1 671 930	71 146 100	71 146 098	71 319 000	72 319 000	-672 900	69 451 362	75 303 812	-





Arkivnr: 2015/11453-34  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	21/16	10.05.2016

### Komande stortingsmelding for fagskulesektoren hausten 2016

#### Samandrag

Fagskulestyret handsama i møte 17.03.16 melding RS 7/2016 *Komande stortingsmelding for fagskulane hausten 2016*. På bakgrunn av meldinga bad styret om ei sak med oppfølging av prioriteringar av aktivitetar fram mot stortingsmeldinga om fagskulesektoren.

#### Forslag til vedtak

1. Styret vedtek at Bergen tekniske fagskole startar opp ein prosess med det føremål å søkje NOKUT om fagområdegodkjenning.
2. Styret ber om ei sak om samansetjing av styret for Fagskolane i Hordaland i høve til å vurdere ekstern representasjon. Saka skal fremjast for politisk leiing i Hordaland fylkeskommune.
3. Styret vil arbeide med å synleggjere behovet for auka finansiering til fagskulesektoren for å kunne ta inn fleire studentar på bakgrunn av auke i søkjartal.
4. Styret vil invitere til eit samarbeidsmøte med fagskulestyra i andre aktuelle regionar for å drøfte moglegheiter for samarbeid på tvers av regionane innanfor fagskulesektoren.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Komande stortingsmelding for fagskulane hausten 2016

## Fylkesrådmannen, 14.04.2016

Fagskulestyret handsama i møte 17.03.16 melding RS 7/2016 *Komande stortingsmelding for fagskulane hausten 2016* (sjå vedlegg). På bakgrunn av meldinga bad styret om ei sak med oppfølging av prioriteringar av aktivitetar fram mot stortingsmeldinga om fagskulesektoren.

Stortingsmeldinga er som nemnt venta å kome hausten 2016, og det er såleis eit avgrensa tidsrom i høve til å posisjonere seg fram mot meldinga. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at følgjande aktivitetar vert prioritert:

### Fagområdegodkjenning

Bergen tekniske fagskole har naudsynt storleik i administrasjon og fagmiljø til å kunne søkje om fagområdegodkjenning for fagområdet elektro. Skulen vil måtte ha ein ressurs som kan arbeide med sjølve søknaden og få på plass mellom anna kvalitetssikringsrutinar som må til for å søkje. Skulen må også ha ein ressurs som arbeider med kvalitetssikring og oppretting av nye tilbod *etter* at ein eventuell søknad om fagområdegodkjenning er godkjent av NOKUT. Dersom Bergen tekniske fagskole får ei fagområdegodkjenning innan elektro, vil skulen vere svært fleksibel i høve til å opprette nye tilbod og studiestader innan elektro. Ein slik fleksibilitet er i tråd med Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 sitt innsatsområde om «*Fleire med meir relevant kompetanse*», der det vert framheva under punkt 4.5.3 at ein vil auke fleksibiliteten til Fagskolane i Hordaland, slik at tilbod kan verte gjeve etter behov i heile fylket. På bakgrunn av dette er det mogleg å søkje midlar gjennom Hordaland fylkeskommune sitt *Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland* (HNN) for å delfinansiere eit prosjekt for å søkje om fagområdegodkjenning. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at Bergen tekniske fagskole søker prosjektstøtte gjennom HNN til å utarbeide søknad til NOKUT om fagområdegodkjenning innan elektro.

### Styresamansetning

Det bør gjerast ei vurdering av dagens styresamansetning i høve til å rekruttere medlemmer frå arbeidslivet i tillegg til eigarsida til styret for Fagskolane i Hordaland. Jamfør vedlegg 1. side 4 punkt 4 om styresamansetning der det vert føreslått i NOU om fagskulane at det bør vere eit lovfesta krav om ekstern representasjon i fagskulestyra. På bakgrunn av dette vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at det vert gjort ei vurdering av framtidig styresamansetning for Fagskolane i Hordaland, og at det vert fremja ei sak om eventuelle endringar til politisk leiing.

### Dimensjonering

Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har kvart år store søkjartal til fleire av sine tilbod, og kunne hatt moglegheit til å gje tilbod til fleire søkjarar dersom rammeoverføringane frå staten vart auka. Rammeoverføringa frå staten har ikkje auka i takt med den auka interessa for å studere på fagskule. Styret bør på bakgrunn av dette arbeide med å synleggjere behovet for auka finansiering til fagskulesektoren for å kunne ta inn fleire studentar.

### Samarbeid med andre regionar

Jamfør vedlegg 1. side 7 vert det føreslått å halde ein vestlandskonferanse med fokus på samarbeid om fagskuleutdanning på tvers av regionane. Av di det ikkje er så lenge til stortingsmeldinga om fagskulane vert lagt fram, vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at det i staden vert invitert til eit samarbeidsmøte med fagskulestyra i til dømes Rogaland og Sogn og Fjordane, for å drøfta moglegheiter for samarbeid på tvers av regionane.



## Notat

Dato: 24.02.2016  
Arkivsak: 2015/11453-23  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Komande stortingsmelding for fagskulane hausten 2016

#### Bakgrunn

Hordaland fagskulestyre vedtok 26.01.2016 følgjande under ymse:

Vedk. komande Stortingsmelding om fagskulen:

Styreleiar ber om sak til neste styremøte om status og forslag til korleis Fagskolane i Hordaland kan posisjonera seg og vera offensiv og dermed få innverknad på innhaldet i meldinga. Styreleiar ber og om innspel frå styret.

15. desember 2014 kom *NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg* (NOU:14), og høringsfristen var sett til 25.03.2015. Utvalet som utarbeidde NOU:14 peikar mellom anna på fleire område som kan betrast for å gjere fagskulen sin plass tydeleg og for å heve skuleslaget sin status i det norske utdanningssystemet.

Utvalet føreslår at ei rekkje tiltak må setjast i verk for at fagskulane skal få sin rettmessige plass i utdanningssystemet. Tiltaka har følgjande hovudoverskrifter og vert her summert:

1. Ein synleg fagskule og fagskulen sin status
  - Fagskuleutdanninga må gjerast meir attraktiv og synleg. Her må myndigheiter, fagskulane og arbeidslivet bidra. Arbeidslivet må bevisstgjere seg dei moglegheitene som fagskuleutdanninga gjev. Myndigheitene må leggje til rette slik at fagskuleutdanninga blir ein høveleg utdanningsveg med føreseielege overgangar, der studentrettigheiter står sentralt (NOU:14 s. 86).
2. Kvalitet, relevans og arbeidslivstilknytting
  - Det er naudsynt å utvikle fagskulen til eit skuleslag med høg kvalitet og relevans som er godt kjent og godt omtykt i arbeidslivet og i befolkninga. Relasjonane til arbeidslivet må styrkast og gjerast meir systematiske. Fagskulen si lovfesta kopling til arbeidslivet tilseier at omgrepa kvalitet, relevans og arbeidslivstilknytting er uløseleg knytt saman. Ansvar for å løyse utfordringane på dette feltet krev ansvarleggjering og bevisst politikk, handling frå myndigheitene, fagskulane og aktørane i arbeidslivet. Eit anna viktig tiltak for å auke kvaliteten og relevansen er etter utvalet si meining å styrke skulane sin administrasjon og det pedagogiske miljøet. Ein reduksjon i talet på skular vil vere heilt naudsynt for å oppnå

dette. Verkemiddel for å oppnå sterke einingar vil vere reglane for akkreditering, eigarforhold og finansiering. [...] (NOU:14 s. 105).

### 3. Finansiering

- Utvalet har gjort greie for alternative finansieringsordningar for fagskular. Finansieringa skal fyrst og fremst sørge for at statens midlar vert nytta på ein mest mogleg effektiv måte gjennom god og høveleg drift og utvikling. For å få ei ny finansieringsordning til å bidra til denne målsettinga, må ein også gjere noko med organiseringa av forvaltninga av fagskulane og korleis ein dimensjonerer både talet på fagskular og utdanningskapasiteten ved fagskulane. Mange av tiltaka er knytt tett saman og vil ikkje gje ønska effekt utan at tilhøyrande tiltak vert sette i verk.

Det har vore viktig for utvalet at dei alternative finansieringsordningane ikkje skal vere det primære verkemiddelet i utviklinga av utdanningskvaliteten ved fagskulane. Utvalet meiner at ei tettare kopling mellom departementet med eit heilskapleg sektoransvar, og fagskulane, vil bidra til ei betre styring og utvikling av fagskulesektoren. Utvalet vurderer også at det vil vere viktig å løfte fram fagskulane som ei sjølvstendig utdanning i statsbudsjettet ved å synleggjere fagskulane som eit eige programområde.

Utvalet har lagt fram alternative finansieringsordningar for fagskulane. Etter utvalet si vurdering er dei alle relativt enkle finansieringsordningar som oppfyller krava og forventningane som er lagt for desse. Utvalet er også av den oppfatning at finansieringsordningane er dynamiske på den måten at dei med enkle grep vil kunne verte tilpassa endringar skapt av ytre faktorar, både ved endringar i etterspurnad og tilbod av fagskuleutdanning, og ved behov for endringar i insentivstrukturen overfor fagskulane. Utvalet ønskjer også at finansieringa av private fagskular bør betrast, og at dei bør inkluderast i finansieringsordninga (NOU:14 s. 121).

- Utvalet beskriv som nemnt tre modellar for finansiering av fagskulane, men anbefaler modell 3 «Kandidat-studentmodellen med utviklingsmidlar». Denne modellen baserer seg på at fagskulane vert gjeve tilskot etter både kor mange studentar som er i utdanning (grunntilskot), og kor mange som fullfører ei fagskuleutdanning (resultatstyring). I tillegg kan det verte gjeve utviklingsmidlar retta mot investeringar og kvalitetshevande tiltak. Modellen føreslår at det skal vere eit øvre tak på kor mange studentar ein institusjon kan ha, og skulen må såleis søkje departementet om midlar til oppretting av nye studieplassar.

NOU:14 finn ein her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/025d939680e3472b8c843f25411d72e1/no/pdfs/nou201420140014000dddpdfs.pdf>

Utvalet si samla liste over tiltak kan lesast frå side 127 i NOU:14. Det er til saman 49 tiltak, og eit utval av desse vil verte omtala seinare i denne meldinga.

**Deltaking før og etter prosessen med NOU:14**

Hordaland fylkeskommune og Hordaland fagskulestyre leverte begge fråsegn til høyringa for NOU:14. Begge fråsegnene var klare på at det var mange gode forslag for å styrka fagskulen, men at Hordaland fylkeskommune og fagskulestyret ønskjer at fagskulane fortsatt skal vere eigd av fylkeskommunane.

Vedtak i fagskulestyret 24.03.2015, sak PS 14/2015:

*Vedtak*

*Hordaland fagskulestyre gjev høyringsfråsegn til NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg slik det går fram av denne saka.*

*Hordaland fagskulestyre vil påpeike at mange av tiltaka som kjem fram i høyringa har Fagskolen i Hordaland iverksett. Fagskulestyret i Hordaland er av den oppfatning at dei økonomiske rammevilkåra til fagskulane er heilt avgjerande om fagskulane skal vere i stand til å gi gode tilbod for å imøtekomme arbeidslivet sitt kompetansebehov.*

*Fagskulestyret støttar saksframlegget til innstilling, og Opplærings- og helseutvalet sitt tilleggspunkt:*

*«HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for fylkeskommunen si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må liggje under eit regionalt nivå. Så lenge Norge har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytta regional eining.»*

Vedtak i fylkesutvalet 26.03.2015 sak PS 73/2015:

*Vedtak*

1. *Hordaland fylkeskommune gjev høyringsfråsegn til NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg slik det går fram av fylkesrådmannen si vurdering i denne saka.*
2. *HFK vil påpeike at lokal kunnskap til næringsliv har vore viktig for HFK si organisering av fagskulen. Det er viktig at fagskulen må sjåast i eit større perspektiv og må liggje under eit regionalt nivå. Så lenge Noreg har ein 3-nivå-modell bør fagskulen vere tilknytt regional eining.*

Både Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga var involvert i saksførebuinga til fråsegn frå Hordaland fylkeskommune. Regionalavdelinga meiner også det er viktig å sjå fagskuletilboda i samanheng med kompetansebehovet i regionen.

Hordaland fylkeskommune og fagskulestyret har i høve til å etablera større og færre fagskuleeininger vore i forkant av nokre av tilrådingane i NOU:14. Allereie i mars 2013 vart skulebruksplanen for vidaregåande skular og fagskular handsama i fylkestinget, og det vart vedteke at dei 7 fagskulane skulle slåast saman til 2 fagskular; ein helsefagskule og ein teknisk og maritim fagskule. Prosessen med samanslåingane har føregått i to etappar der dei små fagskulane vart slått saman eller lagt som studiestad under dei største fagskulane. Siste etappe i høve til å slå saman den tekniske fagskulen og den maritime fagskulen er under handsaming. På bakgrunn av dette har Hordaland både redusert talet på fagskular og etablert større einingar.

I prosessen med å utarbeide NOU:14 vart det arrangert regionvise samlingar der både fagskulane, næringsliv og fylkeskommunane kunne kome med innspel. Fylkesdirektør opplæring deltok med eit innlegg på ei regionsamling på Sola. Presentasjonen synleggjorde Hordaland fylkeskommune og Fagskolane i Hordaland sitt arbeid med å gje kompetanseheving i Hordaland, samt ønskje om å behalda forvaltninga og eigarskapet av fagskulane på eit regionalt nivå.

I etterkant av NOU:14 har Kunnskapsdepartementet sett i verk ei kartlegging av kostnadar knytt til fagskuledrifta i fylkeskommunane, og ei evaluering av Nasjonalt fagskoleråd. Hordaland fylkeskommune og Fagskolane i Hordaland har bidrege med informasjon og data til både kartlegginga og evalueringa.

I høve til komande stortingsmelding hausten 2016 er det viktig å informera politisk leiing om status i fagskulen i høve til NOU:14, og det vil derfor verte utarbeidd ei løypemelding om arbeidet som vert gjort ved Fagskolane i Hordaland.

### **Vidare arbeid med å styrka fagskulesektoren og behalda fagskulane på eit regionalt nivå**

For å vere i forkant av stortingsmeldinga om fagskulane som kjem til hausten er det viktig å fortsette arbeidet med å styrka fagskulesektoren i Hordaland, samt synleggjere det arbeidet som vert gjort. I det følgjande vert det vist eit utval av dei 49 tiltaka som vart føreslått i NOU:14 i høve til kva ein bør arbeida med vidare og kva som vil verte vurdert i stortingsmeldinga om fagskulane. Tiltaka vert framheva i kursiv, medan eigne kommentarar står under dei framheva tiltaka.

## **1. Overgangsordningar mellom utdanningsinstitusjonar**

### Staten bør:

- *Løyve midlar til samarbeidsprosjekter for utvikling av overgangsordningar mellom fagskuler og uh-institusjonar.*

#### Kommentar

Ein bør vurdere korleis styret og Fagskulane i Hordaland kan ta eit initiativ for å få til fleire høvelege overgangsordningar mellom fagskulen og høgskulen.

## **2. Synleggjering, eigarskap og struktur**

- *Auke sin innsats for å synleggjere fagskulen som ein attraktiv karriereveg.*
- *Sette i gang ein prosess med det føremål å overføre eigarskapet av dei offentlege fagskulene frå fylkeskommunane til staten. Fagskulane bør organiserast som statlege forvaltningsorgan med særskilte fullmaktar.*
- *Sette i gang ein prosess som skal føre til å redusere talet på fagskular for å skape robuste fagmiljø og styrke kvaliteten. Talet på offentlege fagskuler bør reduserast til mellom fem og ni.*

#### Kommentar

Hordaland fylkeskommune og Fagskolane i Hordaland arbeider aktivt med å synleggjere fagskulen som ein attraktiv karriereveg gjennom marknadsføring og ulike informasjonstiltak.

Hordaland fylkeskommune og fagskulestyret har som nemnt gjeve fråsegn om at ein ønskjer å behalda forvaltninga av fagskulane på det regionale nivået. I tillegg har det i lengre tid vert arbeidd med å redusere og styrka fagskuleeiniane i Hordaland fylkeskommune.

## **3. Institusjonsakkreditering**

- *Gjennomføre endringar i lov- og regelverk for å innføre institusjonsakkreditering etter bestemte kriteria for fagskulane. Ei slik godkjenning skal vere ein føresetnad for å kunne kalla seg akkreditert fagskule. Akkrediterte fagskular kan sjølv opprette utdanningar innan dei økonomiske ramma myndigheitene set.*

#### Kommentar

Fagskulestyret bør vurdere om Fagskolane i Hordaland skal starte ein prosess med å søkje om fagområdegodkjenning.

## **4. Styresamansetning**

- *Stille nasjonale og lovfesta krav til at alle offentlege fagskular skal ha fleirtal av ekstern representasjon i styra og ekstern styreleiar. Det bør settast krav til at dei private fagskulane skal ha ekstern representasjon i styrene, men ikkje krav til at det er fleirtall. Private fagskular som ønskjer å søkje offentlig finansiering, må ha eksternt fleirtal og ekstern styreleiar i tråd med reglane for offentlege fagskular.*

- *Stille lovfesta krav om at undervisningspersonell og studentar skal vere representert i styra for både offentlege og private fagskular.*

#### Kommentar

Fagskulestyra for dei fylkeskommunale fagskulane er svært ulikt samansett. Nokon har ekstern representasjon, medan andre berre har representasjon frå eigarsida. På NOKUT-konferansen vart dette nemnt som ei problemstilling, spesielt i høve til manglande representasjon frå eksterne i fagskulestyra. I høve til representantar i styret for tilsette og studentar frå fagskulane er dette ikkje eit lovfesta krav i dag. Tilsette og studentar skal ha møte og talerett i saker som vedkjem tilsette og studentar. I Hordaland fagskulestyre er tilsettrepresentant og studentrepresentant fullverdig styremedlem.

### **5. Nasjonalt fagskoleråd**

- *Lysa ut oppdrag om ein ekstern evaluering av Nasjonalt fagskoleråd.*
- *Revidera mandat og samansetning av Nasjonalt fagskoleråd med det føremål at rådet kan ta eit større ansvar i å gjøre greie for arbeidslivets behov for fagskulekompetanse, og elles styrke rådets bidrag til politikktviklinga på fagskulefeltet.*
- *Som eit ledd i revisjonen av mandatet til Nasjonalt fagskoleråd, be rådet opprette nasjonale fagråd som gjev råd i høve til dimensjonering av studietilbodet innanfor eget fagfelt, samt ha ein koordinerande rolle i høve til kvalitetsutvikling, det vil sei opptak og utvikling av anbefalte nasjonale studieplanar. Staten bør sikre at råda vert leia av leiande fagpersonar innanfor einskilde fagfelt.*

#### Kommentar

NIFU har fått i oppdrag å evaluere Nasjonalt fagskoleråd. Personar i både fylkesadministrasjonen ved Opplæringsavdelinga og Fagskolane i Hordaland har blitt intervjuet av NIFU som del av evalueringa. I høve til dimensjonering er det viktig at eventuelle fagråd som skal vurdere å gje innspel til kompetansebehov har ei svært god regional forankring. Eit sentralisert utval vil ikkje kunne ha inngåande kjennskap til lokale og regionale kompetansebehov.

### **6. Kompetanse og forskning**

- *Spissa kravet til godkjent undervisningspersonell slik at det inneheld fagkompetanse, relevant og oppdatert yrkeserfaring og pedagogisk/didaktisk kompetanse.*
- *Tilby yrkespedagogisk utdanning for undervisningspersonale ved fagskulane.*
- *Løyve midlar til å styrke kunnskapsgrunnlaget om fagskulen gjennom auka forskingsinnsats.*

#### Kommentar

Forskningsrådet har lyst ut forskningsmidlar (48 millionar) til innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren. Programmet finansierer forskning og innovasjon innanfor følgjande temaområder:

- Læringsprosessar, vurderingsformer og læringsutbytte
- Praksis, profesjonsutøving og kompetanseutvikling
- Styring, leiing, organisering og resultatoppnåing
- Utdanning, samfunn og arbeidsliv

Les meir om utlysninga her:

<http://www.forskningsradet.no/no/Utllysning/FINNUT/1254015604100/p1173268235938?proglid=1253990054239&visAktive=true>

### **7. Finansiering**

- *Samordne all finansiering av fagskular under éin finansieringsordning for fagskular som vert gjort til eit statleg ansvar under Kunnskapsdepartementet.*
- *Sørgje for at ein ny finansieringsordning for fagskular byggjer på prinsippet om reell kostnadsdekning for fagskuleutdanning, og gjere ein grundig kartlegging av kostnadene knytt til drift og utvikling av forskjellige typar fagskuleutdanningar.*
- *Innføra ein finansieringsordning i tråd med utvalet sin «Kandidat-studentmodell med utviklingsmidlar». Systemet bør bestå av tre hovudelement: grunnfinansiering, resultatbasert finansiering og utviklingsmidlar. Systemet bør vere basert på differensierte kategoriar med tilhøyrande satsar.*
- *Tilføra fagskulesektoren nye friske midlar, gjennom ein finansieringsordning som gjev reell kostnadsdekning, og med friske utviklingsmidlar som bør utgjere om lag 15–20 prosent av budsjettramma.*
- *Innføra ein eigen programkategori for fagskular i statsbudsjettet.*
- *Dimensjonere talet på studieplasser i sektoren gjennom etablering av ein opptaksramme og tildeling av studieplasser på bakgrunn av dokumenterte kompetansebehov og innspel frå Nasjonalt fagskoleråd og dei nasjonale fagråda. Dimensjoneringa bør verte definert som eit styringsvirkemedel for staten.*
- *Løyva ein del strategiske, og frie, studieplasser som fagskulane sjølv kan fordele eller nytta til oppretting av nye tilbod ved behov for å oppretthalde ein dynamikk i fagskuletilbodet.*

#### Kommentar

I dag er det ulik finansiering av fagskulesektoren. Dei fylkeskommunale fagskulane vert finansiert gjennom rammeoverføringar til fylkeskommunen, utanom helsefagskulane som søker finansiering gjennom tilskotsordninga til Helsedirektoratet, saman med dei private tilbydarane. Dei private fagskulane (utanom helsefag) har studentfinansierte tilbod. Det kan vere fornuftig å samla finansieringa til ein instans for å sjå heile sektoren i samanheng.

I høve til ny finansieringsmodell er forslaget i NOU:14 støtta i høyringsfråsegna til Hordaland fylkeskommune og Hordaland fagskulestyre. Det er viktig at fagskulesektoren har fokus på styrking av finansieringa. Det er behov for meir midlar og ei meir hensiktsmessig finansieringsordning enn i dag. Det vil også vere ein føremon at fagskulane får ein eigen post i statsbudsjettet.

#### **8. Fagskulane bør:**

- *Auka si innsats for å synleggjere fagskulen som ein attraktiv karriereveg.*
- *Bidra aktivt i ein strukturprosess med det føremål å bygge meir robuste fagskular, både fagleg og administrativt.*
- *Bidra med kvalifisert fagpersonell for deltaking i dei føreslåtte nasjonale fagråda.*
- *Utforme eit system for hospitering slik at fagskulelærarar kan få ny kompetanse og erfaring med relevant arbeidsliv.*
- *Leggje til rette for at undervisningspersonell får høve til å delta på yrkespedagogisk utdanning ved behov.*

#### **9. Universitet og høgskular bør:**

- *Gjere grundigare vurderingar om innpass av fagskuleutdanning i høgare utdanning basert på dei ulike utdanningane sine samla læringsutbytte.*

#### **Konklusjon**

Det er viktig å fortsette å følgje opp tilrådingane i NOU:14 som kan bidra til å styrka fagskulesektoren og samtidig behalda fagskulane på det regionale nivået. Mellom anna bør fagskulestyret og Hordaland fylkeskommune fortsette arbeidet med å etablere større fagskuleeiningar i høve til samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole. Fagskulestyret kan også gå i dialog med fagskular i andre fylke på Vestlandet for å sjå på moglegheita for eit større samarbeid på tvers av fylkesgrensene. Det er etablert eit samarbeid mellom fagskulane på Austlandet, og det bør også etablerast eit liknande samarbeid på Vestlandet. Det er også mogleg å samarbeida med andre fagskular på Vestlandet om ein



vestlandskonferanse i forkant av stortingsmeldinga for å kome fram til felles konkrete tiltak for ein framtidig styrka fagskulesektor.

Vidare er det viktig å «marknadsføre» overfor sentrale myndigheiter det arbeidet som vert gjort i Hordaland i høve til å styrka fagskulen som skuleslag, og i høve til å levere viktig kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Basert på dei framheva tiltaka over som vert føreslått i NOU:14 bør Hordaland fagskulestyre og Hordaland fylkeskommune fokusera på følgjande tiltak fram mot, og etter, stortingsmeldinga for fagskulane:

<b>Aktivitet</b>	<b>Omtale</b>	<b>Styret</b>	<b>HFK</b>
Forsking	Vurdera om ein skal søkje forskningsrådet om midlar til forskings og innovasjonstiltak for Fagskolane i Hordaland.	X	
Marknadsføring/ informasjonsarbeid	Fortsette arbeidet med marknadsføring i tillegg til å driva aktivt informasjonsarbeid mot sentrale myndigheiter i høve til korleis ein arbeider med å styrka fagskulen i Hordaland.	X	X
Større og færre einingar	Fortsette arbeidet med å etablere større og færre einingar ved Fagskolane i Hordaland.	X	X
Fagområdegodkjenning	Vurdera om ein skal søkje fagområdegodkjenning innanfor eit aktuelt fagområde. Dette er kostnadskrevjande, og ein må vurdera behov for ekstra ressursar.	X	
Styresamansetning	Vurdera styresamansetninga i Hordaland fagskulestyre i høve til eksterne representantar.		X
Finansiering	Vurdera korleis ein ønskjer at framtidig finansiering skal vere, og fremje dette mot sentrale myndigheiter.	X	X
Dimensjonering	Vurdera korleis ein ønskjer at fagskuletilboda skal dimensjonerast, og fremje dette mot sentrale myndigheiter.	X	X
Overgangar mellom fagskule og høgskule	Styret bør vurdera korleis styret og Fagskolane i Hordaland kan ta eit initiativ for å få til fleire høvelege overgangsordningar mellom fagskulen og høgskulen.	X	
Samarbeid med andre regionar	Styret bør vurdera å gå i dialog med fagskular i andre fylke på Vestlandet i høve til meir samarbeid.	X	
Vestlandskonferanse	Vurdera å halda ein Vestlandskonferanse for fagskulesektoren i høve til NOU:14	X	



Arkivnr: 2015/11453-33  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	22/16	10.05.2016

### Tittel etter to-årig teknisk fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland

#### Samandrag

Styret har i møte 17.03.16 bede om ei sak om tittel som skal verte nytta på vitnemåla ved Fagskolane i Hordaland etter to-årig teknisk fagskuleutdanning. Våren 2015 vart det teke i bruk nye vitnemålsmalar ved alle dei offentlege fagskulane, og på denne er tittelen *vocational diploma* nytta. Fram til dei nye vitnemåla kom, vart det nytta ulike titlar, men det er ikkje rom for å bruke ein annan tittel på vitnemåla enn *vocational diploma* i dag. Det kan sjå ut til at fleire og fleire fylkeskommunale fagskular går over til å nytte tittelen *fagskuleingeniør* på sine heimesider og i si marknadsføring av fagskulen. På bakgrunn av dette vil administrasjonen tilrå at også studentane ved to-årig tekniske fagskule ved Fagskolane i Hordaland vert omtala med tittelen *fagskuleingeniør* etter fullført utdanning - på heimesidene og i marknadsføringsmateriell.

#### Forslag til vedtak

1. På heimesidene til Fagskolane i Hordaland skal studentar ved to-årig teknisk fagskuleutdanning verte omtala som fagskuleingeniør etter fullført utdanning.
2. Når reklamemateriell vert oppdatert, skal tittelen fagskuleingeniør også verte nytta om studentar som har teke to-årig teknisk fagskuleutdanning.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 12.04.2016

Styret har i møte 17.03.16 bedt om ei sak om tittel som skal nyttast på vitnemåla ved Fagskolane i Hordaland etter to-årig teknisk fagskuleutdanning. Det er noko ulik praksis mellom fagskular i høve til om ein nyttar tittelen fagteknikar eller fagskuleingeniør. Studentrepresentanten i styret meiner mellom anna at dei som får tittel fagskuleingeniør, vert gjevne ein føremon på jobbmarknaden i høve til konkurranse mellom stillingar.

Tittelen ingeniør er ikkje beskytta, og ein ingeniør vert definert som person med høgare teknisk utdanning. Det er såleis ikkje feil å nytta tittelen fagskuleingeniør. Nettsida [www.utdanning.no](http://www.utdanning.no) som er eigd av Kunnskapsdepartementet seier:

*«Ingeniørtittelen er ikke beskyttet. Tittelen brukes vanligvis av personer med teknisk utdanning og av personer som gjennom studier eller praktisk arbeid har kompetanse på lik linje med utdannede ingeniører.»*

Ein fagteknikar vert definert som ein yrkesutøvar med to-årig teknisk fagskule, men omgrepet vert av mange framstilt som ein forelda tittel i næringslivet i dag. Innan dei maritime faga vert titlane Dekksoffiser og Maskinoffiser nytta av di desse utdanningane er styrt av STCW-konvensjonen og er sertifikatbaserte.

Våren 2015 vart det teke i bruk nye vitnemålsmalar ved alle dei offentlege fagskulane, og på denne er tittelen *vocational diploma* nytta. Det er RFF som har utarbeidd den nye vitnemålsmalen. Fram til dei nye vitnemåla kom, vart det nytta ulike titlar, men det er ikkje rom for å bruke ein annan tittel på vitnemåla enn *vocational diploma* i dag. Det var Nasjonalt fagskuleråd som i 2011 starta ein diskusjon om ein felles tittel for fagskuleutdanna personar ([http://www.vox.no/contentassets/57e350ee18e8471293bd5b0f4008a9e7/vedlegg\\_sak\\_36.11\\_notat\\_fagskoler\\_titler\\_grader.pdf](http://www.vox.no/contentassets/57e350ee18e8471293bd5b0f4008a9e7/vedlegg_sak_36.11_notat_fagskoler_titler_grader.pdf)), og på bakgrunn av dette kom den nye tittelen *vocational diploma*. Tittelen syner til grad slik som bachelor og master. På bakgrunn av dette vil administrasjonen tilrå at det ikkje vert nytta anna tittel på vitnemålet enn *vocational diploma*, av di alle fagskular skal nytta denne malen. Likevel er det mogleg å oppdatere heimesider og anna marknadsføringsmateriell med tittelen fagskuleingeniør i staden for fagteknikar.

### Bruk av tittel ved andre fagskular i landet

«Fagskolene på Østlandet» består av 6 ulike fagskular som har eit utstrekt samarbeid. Dei har også ein felles nettstad. 5 av dei 6 fagskulane på Østlandet nyttar tittel fagskuleingeniør framfor fagteknikar på sine heimesider. Dei fem fagskulane er:

- Fagskolen Innlandet
- Fagskolen i Vestfold
- Fagskolen i Østfold
- Fagskolen i Telemark
- Fagskolen Tinius Olsen

Den største fagskulen i Nord-Trøndelag nyttar også fagskuleingeniør som tittel på sine heimesider. Derimot vert tittelen fagteknikar nytta ved mellom anna Fagskulen Oslo Akershus, dei fylkeskommunale fagskulane i Rogaland og Fagskulen Sogn og Fjordane.

Det kan sjå ut til at fleire og fleire fylkeskommunale fagskular går over til å nytte tittelen fagskuleingeniør på sine heimesider og i si marknadsføring av fagskulen. På bakgrunn av dette vil administrasjonen tilrå at også studentane ved to-årig teknisk fagskule ved Fagskolane i Hordaland vert omtala med tittelen fagskuleingeniør etter fullført utdanning - på heimesidene og i marknadsføringsmateriell.



Arkivnr: 2015/11453-36  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	23/16	10.05.2016

**Fordeling av investeringsmidlar til Fagskolane i Hordaland****Samandrag**

17.03.2016 vedtok Hordaland fagskulestyre ei prioritering av innmeldt investeringsbehov i sak PS 14/2016. 20.04.2016 løyvde Fylkesutvalet kr 5 000 000,- til investeringar ved Fagskolane i Hordaland i sak PS 98/2016. Det vert i denne saka føreslått å følgje prioriteringane frå fagskulestyret i høve til prioritering 1 og 2 ved Bergen tekniske fagskole, og prioritering 1 ved Bergen maritime fagskole. Det resterande beløpet på 1 mill. vert etter løyve frå fagskulestyret fordelt i høve til aktuelt utstyr av administrasjonen ved Opplæringsavdelinga.

**Forslag til vedtak**

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vore gjort i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.	1 100 000,-
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjonar og Anchor handling integrert med NAV simulator (studiestad Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttast i kurssamanheng.	2 300 000,-
Etterfordeling	Anna utstyr, eller andre omkostningar knytt til investeringar	Administrasjonen vil fordela resterande 1 mill. etter ei vurdering av kva som er aktuelt for resterande sum.	1 000 000,-
<b>Sum</b>			<b>5 000 000,-</b>

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.04.2016**

Følgjande vedtak vart gjort i Fylkesutvalet 20.04.2016 i sak PS 98/2016 - Disponering av investeringsmidlar opplæringssektoren 2016:

*Investeringsmidlar for 2016 til opplæringssektoren vert fordelt slik:*

1.	Oppfølging av skulebruksplan – tiltak	5,00 mill. kr
2.	Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,00 mill. kr
3.	Utstyrsmidlar fagskular	5,00 mill. kr
4.	IT og telefoni	9,50 mill. kr
5.	Reinhaldsutstyr	0,50 mill. kr
	<b>Totalt</b>	<b>37,00 mill. kr</b>

*I første omgang vert 2,0 mill. dekt inn mot Hordaland fylkeskommune sitt disposisjonsfond. Summen vil i samband med disponering av resultatet for 2015 verte tilbakeført.*

*Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.*

Hordaland fagskulestyre hadde meldt inn eit samla investeringsbehov for Fagskolane i Hordaland på kr 11 513 700,- til administrasjonen i sak PS 14/2016 – Investeringsbehov ved Fagskolane i Hordaland 2016. Saka vart handsama i Hordaland fagskulestyre 17.03.2016 med følgjande vedtak:

*Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Utval for opplæring og helse i høve fordeling av investeringsmidlar i 2016:*

<b>Skule</b>	<b>Ustyr</b>	<b>Omtale</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Pri.</b>
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vorte kjøpt i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.	1 100 000,-	1
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-	2
Bergen tekniske fagskole	Robot CNC cell	Utstyr til tilboda automasjon, elkraft, prosess og ny fagskuleutdanning i CNC og robotteknologi.	2 500 000,-	3
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjonar og Anchor handling integrert med NAV simulator (studiestad Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttast i kurssamanheng.	2 300 000,-	1
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av boresimulator – DS 6000	Oppgradering og ekstra funksjonar i høve til å programmere og testa oppgaver.	2 360 000,-	2
Bergen maritime fagskole	CWI simulator (innan boring)	Utstyr som gjev ny funksjon til eksisterande boresimulator.	2 653 700,-	3
<b>Sum</b>			<b>11 513 700,-</b>	

*Merknad frå styret: Saksframlegget følgjer saka fram til politisk behandling i OPHE.*

På bakgrunn av vedtak i Fylkesutvalet og fagskulestyret vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå følgjande fordeling av kr 5 mill. til investeringar:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Investering som skulle ha vorte kjøpt i 2015, men som ikkje vart sett i produksjon før i 2016.	1 100 000,-
Bergen tekniske fagskole	Laboratorieutstyr	Laboratorieutstyr til elektroniske system, elektriske system og måleteknikk.	600 000,-
Bergen maritime fagskole	DP2 stasjonar og Anchor handling integrert med NAV simulator (studiestad Austevoll)	Oppgradering til eksisterande bru-simulator – dynamisk posisjonering. Inngår i læreplanen og vil kunne nyttast i kurssamanheng.	2 300 000,-
Etterfordeling	Anna utstyr, eller andre omkostningar knytt til investeringar	Administrasjonen vil fordela resterande 1 mill. etter ei vurdering av kva som er aktuelt for resterande sum.	1 000 000,-
<b>Sum</b>			<b>5 000 000,-</b>

Dersom investeringane ikkje vert disponert i 2016 vert dei trekt tilbake ved årsskiftet. Årsaka til dette er reglane for budsjettering og rekneskapsføring av investeringar som kjem av kommunelova og forskrifter om årsbudsjett og årsrekneskap for kommunar og fylkeskommunar.



Arkivnr: 2015/11453-38  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	24/16	10.05.2016

### Ny visning av reklamefilm på kino 2016 - 17

#### Samandrag

I 2015 vart det laga ein reklamefilm for Fagskolane i Hordaland som vart vist på Bergen kino i til saman to periodar opp mot søknadsfrist i 2015 og i 2016. Capa Kinoreklame har gjeve eit nytt tilbod på visning av filmen i høve neste søknadsperiode for fagskulane, og er som følgjer:

Bergen + Sotra 8 veker, 30 sekund (film frå i år)

Visning på kinoane kr 181 830,- eks mva

Web Sidevisningar kr 26 000,- eks mva ( 100 000 sidevisningar)

Totalt 207 830,-

- 15% rabatt kr 176 655,- eks mva

#### Forslag til vedtak

Det vert teke imot tilbod om visning av reklamefilm for Fagskolane i Hordaland ved Bergen kino, Sotra kino og på web, slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



**Fylkesrådmannen, 25.04.2016**

I 2015 vart det laga ein reklamefilm for Fagskolane i Hordaland som vart vist på Bergen kino i perioden 02.03.2015 - 12.04.2015 (6 veker). Filmen vart igjen vist 30.11.2015 – 27.12.2015 og 14.03.2016 – 10.04.2016 (8 veker) både i Bergen og på Sotra.

Capa Kinoreklame har gjeve eit nytt tilbod på visning av filmen i høve til neste søknadsperiode for fagskulane. Tilbodet tek utgangspunkt i aktiviteten i 2015 – 16. I tillegg er det lagt inn eit tilbod om web-visning av filmen på Bergen kino sine heimesider der kundane kjøper billetter. Dette har ikkje vore prøvd med reklamefilmen før, men vil vere interessant i høve til å kunne måle interessa for filmen.

**Tilbod:**

Bergen + Sotra 8 veker, 30 sekund (film frå i år)

Visning på kinoane kr 181 830,- eks mva

Web Sidevisningar kr 26 000,- eks mva ( 100 000 sidevisningar)

Totalt 207 830,-

- 15% rabatt kr 176 655,- eks mva

Det er ikkje lagt inn ein prisauke for 2017 av di tilbodet vert gjeve og eventuelt signert i år, i tillegg til rabatt på 15 %.

Administrasjonen vil tilrå at ein tek imot tilbodet, slik at Fagskolane i Hordaland vert synlege på kino også opp mot neste søknadsfrist. Kostnaden vil verte dekt innanfor budsjett til marknadsføring for både 2016 og 2017, av di tilbodet går over to kalenderår.

Lenkje til filmen på Youtube: <https://www.youtube.com/watch?v=Hh66Tk1NLhc>

PS 25/16 Ymse